

Språkrådet

Styret i Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK) drøfta revisjon av nynorskrettskrivinga i møte 22. februar 2011. Fråsegna er limt inn under.

LNK vil nytta høvet til å takka Språkrådet og nemnda for raskt og profesjonelt arbeid - og for ein prisverdig open og demokratisk prosess.

Vennleg helsing

Vidar Høviskeland

(dagleg leiar LNK)

### **Sak 09/11 Høyringsfråsegn om revisjon av nynorskrettskrivinga**

*”Styret i Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK) har i møte 22. februar 2011 vedteke følgjande fråsegn om revisjon av nynorskrettskrivinga:*

*Styret vil understreke at det er ei viktig oppgåve språkrådet og rettskrivingsnemnda har sett i gang, og vi vonar arbeidet og resultatet får den legitimiteten som er nødvendig for at den nye norma skal få god oppslutning på alle område i det norske samfunnet*

*LNK er ein interesseorganisasjon som femner om meir enn hundre kommunar, fire fylkeskommunar og mellom ti og tjue interkommunale selskap og råd. Det nynorske skriftspråket er samnemnaren for medlemmene, og ein revisjon av rettskrivinga som gjer det enklare å lære og å praktisere denne målforma, kan få positive følgjer for nynorsken som målform i heile landet.*

*Spesielt er styret i LNK oppteken av at elevar som tek sikte på høgskule- og universitetsutdanning skal ha ein grunnleggjande kompetanse i det nynorske skriftspråket frå vidaregåande skule. I profesjonsutdanninga for lærarar må kravet til kompetanse i både bokmål og nynorsk vere absolutt. Styret meiner ein revisjon slik språkrådet skisserer han, kan gjere det lettare å oppfylle kompetansekrav og hindre den overgangen til bokmål som oppstår fordi nynorsk rettskriving blir opplevd som vanskeleg.*

*Blant LNK sine medlemmer vil det truleg vere ulike syn på dei endringane som rettskrivingsnemnda bed om særlege innspel til. Styret vågar seg likevel til å meine følgjande:*

*Vi stør framlegget om -leg og ikkje -lig. (endeleg, ikkje endelig)*

*Vi stør også framlegget om –stilling og ikkje –stelling (framstilling, ikkje framstelling)*

*Vi aksepterer valfri j i verb som leggje/legge og søkje/søke og i svake hokjønnsord som bryggje/brygge og enkje/enke. Vi aksepterer endringa sjølv om ho kan komme til å svekke bruken av formene med j.*

*Vi stør framlegget om at former med diftong blir dei einaste som er tillatne i ord som høyre, køyre og drøyme, og vi rår også til at ord som ramme og danne berre skal ha ei form med dobbel konsonant.*

*Det store fleirtalet av endringsforslag som rettskrivingsnemnda har kome med er endringar i ortografi, altså bokstavering. Framlegget om å tillate dykk som subjektsform og jamstilt med de, synest styret i LNK ikkje noko om. Dette er ei endring i grammatikk som rett nok eksisterer i målføre, men det gjer også til dømes oss som eigedomspronomen (huset oss/Kristiansund) og oss som subjektsform av personleg pronomen (Oss har kjøpt nytt hus/Sykkylven). Styret i LNK rår til at objektsforma dykk ikkje blir tillaten som subjektsform og at endringar i grammatikk ikkje blir innført.”*

---

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK)

E-post: [post@LNK.no](mailto:post@LNK.no)

tlf.: 0047 90 50 66 17

Postadresse: Pb 7044 St.Olavs plass, 0130 OSLO

Kontoradresse: Pilestredet 8, OSLO

[www.LNK.no](http://www.LNK.no)

Org. nr. 9743 39943